

Gløym ikkje sentrumsplanen!

10.06.2015



Politikar Magne Huglen - betenk i kveld

Uskedalen må ikkje gløyme sentrumsplanen med ideane om løysing av trafikk- og parkeringsproblem i området ved Gamleskulen. Magne Huglen kom med denne påminninga under møtet i Uskedal Utvikling i kveld og leiar Kristian Bringedal lova å bringe saka til dei rette i kommunen, Mellom anna er det viktig å finna ein betre eigna plass for bosscontainarane. Møtet var ellers innom mange saker som ein oppfølging av møtet i april om trafikkproblem. Her står ikkje minst ein reduksjon av farten gjennom sentrum sentralt og her gjekk fleire inn for å freista med fartsputer. Kritiske punkt er innkøyringa til brua, Brekketoppen med innkøyringa frå Halsane og dumpa ved Sunde.

Eit forslag gjekk ut på reduksjon av farten til 30 kilometer gjennom heile sentrum. Overgang eller undergang mellom Ospelunden og Korsnes vart drøfta og her kom det forslag om å satse på overgang i staden for undergang, men det vart igjen vist til ungane som spring over vegen. Fartsgrensen på Kjærlandsida er også stadig ein aktuell sak.

Sentrumsplanen er ei grundig utgreiing laga av ein konsulent og vedteke av formannskapet. Huglen åtvara mot at den vart lagt til side. Tvert imot bør den leggast til grunn for det vidare arbeid.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen